

OED

Uttale om lovendring elsertifikat pkt 3.1.2, fyrste avsnitt, siste setning:

*«Utvidelsen av overgangsordningen omfatter ikke produksjonsøkning som følge av opprusting og utvidelse av anlegg.»*

Vårt anlegg er bygd i 2001 som eit såkalla 1499 kVA anlegg.

I 2007 bygde me om dysene til ei anna utforming og oppnådde ca 15% forbetring i verknadsgraden og nytta slik same vatnet langt betre.

Me er usikre på om endringa vår er innfatta i omgrepet; «opprusting og utvidelse». (Begge vilkåra må vera til stades?)

I så fall vil me ikkje har rett på sertifikat for denne nye produksjonen som ombygginga førte til.

Men hadde verket vårt vore bygd etter 2004 og me hadde gjort tilsvarende endring ville me (automatisk) fått sertifikat for denne auka produksjonen.

Eg legg då til grunn at sertifikata vert tildelt ut frå faktisk historisk produksjon.

Me finn at dette blir urett for anlegg i vår situasjon og som elles og er halden utanfor sertifikatordninga. Me er ikkje mange som bygde før 2004, men eg vil tru at me alle har prøvd å få mest mogleg ut av anlegga våre innan dei vilkåra som løyvet sett.

Derfor ser eg gjerne at omgrepet «opprusting og utvidelse» får ei anna utforming eller vert avgrensa slik at det ikkje omfattar tilfeller tilsvarende vårt.

Med helsing

Egil Astad

Styreleiar